



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato
14.06.2017
Dykkar dato

Vår referanse
2017/7554 331.2
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

Ordinært skjønstilskot for 2018

Fylkesmannen vil i september i år utarbeide ei fordeling av ordinært skjønstilskot mellom kommunane for 2018. Fordelinga vil bli offentleg i samband med framlegginga av statsbudsjettet for neste år.

Dersom kommunen ynskjer å senda opplysningar til Fylkesmannen i denne samanhengen, må vi be om å få opplysningane innan måndag 07.august i år.

Hovudføremålet med skjønsmidlane er å fanga opp lokale tilhøve som ikkje er tekne i vare godt nok i inntektssystemet eller gjennom andre faste tilskotsordningar.

I brev av 19. mai d.å. frå Fylkesmannen til kommunane om kommuneopplegget for 2018 er det gitt informasjon om skjønsmidlane for neste år.

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Håvard Rød
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.